



## Notat

Dato: 28.01.2016  
Arkivsak: 2016/1133-1  
Saksbehandlar: fromann

---

<b>Til:</b>	Hovudarbeidsmiljøutvalet Administrasjonsutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

### Medarbeidarundersøking 2016 - informasjon om gjennomføring

Som ein oppfølging og vidareføring av medarbeidarundersøkinga frå 2014 vert det ei ny medarbeidarundersøking i 2016. Undersøkinga er ei viktig temperaturmåling av korleis dei tilsette opplever sentrale forhold knytt til mellom anna arbeidsplassen, jobbinnhaldet og leiarskapen, og dannar utgangspunkt for vidare arbeid knytt til forbetring og utvikling.

Sjølv undersøkinga vert gjennomført i perioden 10. – 26. februar. Som sist vert undersøkinga gjennomført elektronisk via e-post til kvar tilsett. Svara går direkte til ekstern leverandør Rambøll Management Consulting, som har dokumentert erfaring med slike undersøkingar frå både privat og offentleg sektor. Rambøll garanterer full anonymitet for alle respondentar. Rambøll vil så utarbeide rapportar for alle avdelingar og einingar, der krav til anonymitet vert ivareteken. Frå HFK si side er det faglege ansvaret lagt til Bedriftshelsetenesta v/bedriftspsykolog Gina H. Landro.

#### Vil måle utvikling

For å kunne samanlikne og måle utvikling vil spørsmåla i all hovudsak vere dei same som sist. Undersøkinga byggjer på ein standard modell og eit godt utprøvd sett med spørsmål. Desse er tilpassa til HFK sin organisasjon og verksemd. Det er eit krav om minimum fem respondentar frå ei eining for at leiar skal få ut svarrapport.

I 2014 tok 83 prosent del i undersøkinga. Målet er minst like god oppslutning denne gongen. Alle leiarar har ei viktig oppgåve med å motivere og oppmode medarbeidarane til å svare. Det vil bli gitt tilgang til eit eige svarbarometer på nett, der leiarane kan følgje med på svarprosenten for si eining.

Nokre einingar i HFK står framfor store endringar og omplasseringar av tilsette. Det har kome spørsmål om det er relevant for desse å svare på undersøkinga no. Svaret er at **alle** tilsette skal få høve til å svare på MU 2016, uavhengig av korleis framtida blir. Både leiarar og tilsette kan ha god nytte av å sjå resultatata og delta i drøftingane etterpå sjølv om dei kanskje ikkje skal jobbe i same eining til hausten eller i 2017.

#### Resultata klare i april

Fylkesrådmannen og toppleiargruppa får presentert ein overordna rapport for heile organisasjonen 6. april. Deretter vil resultatata bli drøfta i HAMU-møtet same dag. Frå 14.april vert resultatata rulla ut via leiarane til resten av organisasjonen.

**Hjelp og støtte til leiarane**

Oppfølginga av medarbeidarundersøkinga vert eit ansvar for den einskilde leiar. Det er krav til å utvikle mål og tiltak både for bevaring og forbetring. Fylkesrådmannen legg vekt på at leiarane skal få god hjelp og støtte i den lokale utviklingsprosessen. Tiltak for å understøtte dette er mellom anna:

- Presentasjonsmateriell som kan nyttast i forkant av undersøkinga vert sendt ut til leiarane i veke 5
- Hjelpetelefon hos Rambøll for leiarar og medarbeidarar under heile undersøkingsperioden
- Eige svarbarometer på nett for kvar eining
- Bakgrunn og informasjon på intranett
- Oppfølgingsguide med gode råd og tips til alle leiarar
- Ressurspersonar frå HR-seksjonen og Opplæringsavdelinga vil vere tilgjengeleg for hjelp i det lokale oppfølgingsarbeidet
- Malar for utarbeiding av handlingsplan vert lagt ut i Kvalitetsportalen. Ein kan velje å la tiltaka inngå i lokal HMT-handlingsplan, eller nytte eit eige plandokument for oppfølginga.